

# 1. mai = Mjøsa Rundt



Populær MC-parkering på CC Martn på Gjøvik

Strålende sol frå tilnærma skyfri himmel. Isfri Mjøsa.  
Grønt lauv på alle bjørketre.  
Slik vil MC-folket på Austlandet ha det 1. mai, og akkurat slik blei det i år.

TEKST: KARI SØYLAND HAUGØDEGÅRD  
FOTO: GEIR ENGER OG RONNY HAUGFJELL

Frå Statoil Strandtorget på Lillehammer kjørte Lillehammer MC-klubb (LMK) saman med fleire hundre andre MC-entusiastar gamlevegen via Moelv til Hamar. Moelv musikkforening møtte oss som alltid i sentrum av den nye byen. Ved innkjøring til Hamar fekk vi, også som alltid, velkomstfanfare (?) frå klokkekene i domkyrkja.

På Stortorget og langs Strandgata i Hamar måtte det vere fleire tusen syklar i år. Turen ut frå byen klokka 11 går ikkje fort når gata er tettpakka med motorsyklar i alle mulege utgaver og ein er 4-5 i breidda. Men stor stas er det, likevel!

LMK har som tradisjon å samle troppene på Stange stasjon. Som vanleg blei vi møtt av det lokale korpsset som spiller opp akkurat når vi svingar inn på området. Kanskje ikkje berre til ære for oss og MC-folket, men flott lell.

LMK kjørte forbi Minnesund i år, der det også måtte vere tusenvis mc samla, og til gamle Nebbenes kro. Reine nostalgi-turen, for her var ingenting forandra.

I år kunne vi også samlast att ved CC Mart'n på Gjøvik (takk til CCs senterleiar) til tradisjonal avrunding av Mjøsrunden 2011. Neste år



Samling på Stortorget på Hamar før fellesstart kl. 11:00



Lillehammer MC-Klubb samlet på Stange

onsker vi oss ein kiosk der, også.

Det har blitt antyda at kanskje så mange som 6-7000 motorsyklar var ute denne flotte dagen. Da er det rett og slett imponerande med så fin

og «pynteleg» kjøring frå dei aller, aller fleste. Nok eit bevis på at mc-folket tar trafikk-sikkerheit på alvor.